

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 5. februar 2024 kl. 13:30-15:00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Torodd Kinn (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitenskap), Carl Börstell (språkvitskap), Helga Mannsåker (nordisk språk), Ulla Kallenbach (teatervitskap), Gjert Frimann Vestheim (klassisk), Hilde Vikøyry Brynjulfsen (Norskkursa), Fredrik Parelius (lektorutdanninga), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Nora Opsahl, Synnøve Meisingset, Martin Borgar Nilsen (studentrepresentantar), Helga Ramstad Vatsaas (sekretær)

Frå studieadministrasjonen: Veronica Christensen, Sissel-Karin Leknes, Dina-Eirik Kleppe Leikanger, Linnea Reitan Jensen, Lene Tøftestuen, Vegard Sørhus, Lisa Dalby Pedersen

Meldt forfall: Jason Nelson, Frode Helmich Pedersen, Anders Fagerjord

Saksliste

UUI-sak 1/24: Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
UUI-sak 2/24: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar	2
Orienteringssak 2: Oppmeldingstal våren 2024.....	2
Orienteringssak 3: Oppmøte som obligatorisk undervisningsaktivitet	2
Orienteringssak 4: Studieprogramportefølje-prosjektet.....	3
UUI-sak 3/24: Drøftingssaker.....	3
Drøftingssak 1: Handlingsplan for undervisning 2024.....	3
Drøftingssak 2: Ressursbudsjett	5
UUI-sak 5/24: Ymist	5

UUI-sak 1/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjener innkalling og saksliste.

UUI-sak 2/24: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemane får **tre** minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Fredrik: Heming er tilbake, vi går frå éin til to tilsette. Prøver å få unna ein del tidleg ettersom studentane snart skal ut i langpraksis. Har innført obligatoriske undervisningsaktivitetar, noko som nok ikkje var heilt gjennomtenkt. Elles stor studentgruppe og lovande semesterstart.

Helga: Ny stipendiat tilknytt ordbökene med oppstart 1. februar. Ivar er på veg ut. Gode studenttal.

Hilde: Godt i gang med undervisninga. Færre studentar enn på ei stund, men framleis gode tal. Arbeider med å tilsette ein vikar. Har hatt besøk frå Romania (tilsettmobilitet). Fleire i fagmiljøet er interesserte i meir internasjonalisering.

Eike: Gode oppmeldingstal. Snart konferanse. Har drive med litt strategiarbeid. Fagmiljøet gler seg over ein ny medarbeidar (stipendiat).

Ulla: Gode studenttal. Éi førsteamanuensis-stilling utlyst - forhåpentleg tilsetting til hausten. Uroleg over bemanningsituasjonen.

Gjert: Gode tal og lovande semesterstart.

Martin: Studentane er opptatte med semesterstart. Ikkje noko vidare å melde.

Peter: I full gang med eit nytt semester. Tala ser gode ut. Éin ny stipendiat med oppstart rett etter nyttår.

Calle: Greie oppmeldingstal. Litt færre masterstudentar enn i fjor. Fleire tilsettingsprosessar i gang. Ein lingvistikkstudent har fått tildelt masterstipendet til ordbokprosjekta.

Orienteringssak 2: Oppmeldingstal våren 2024

Helga orienterte kort om oppmeldingstala for våren 2024. Det er færre vurderingseininger ved instituttet dette semesteret fordi vi har gått vekk frå midtsemestereksamen.

Norskkursa har ein del færre studentar (noko som gir stort utslag), men dette skuldast truleg at oppmeldingstala er i ferd med å normalisere seg etter ein periode med svært høgt trykk.

Orienteringssak 3: Oppmøte som obligatorisk undervisningsaktivitet

Undervisningskoordinator orienterte. Korleis skal ein løyse det når studentar, med god grunn, ikkje kan møte til obligatorisk undervisning?

Innfører ein obligatorisk undervisning, skal det vere gjennomtenkt. Det er mogleg å tilrettelege dersom det er fagleg forsvarleg, men erstatninga må vere tilsvarende.

Undervisning som er lagt før oppmeldingsfristen (1. februar/ 1. september) er ikkje unntatt frå kravet.

Orienteringssak 4: Studieprogramportefølje-prosjektet

Undervisningskoordinator orienterte.

Motivasjonen for prosjektet er at vi har for mange program og for mange emne. Vi har meir undervisning enn det ressursane tillèt.

Det blir ingen nedleggingar, men truleg samanslåingar. Program med få studentar/ tilsette kan til dømes få opptak sjeldnare.

UUI-medlemmane blir oppmoda til å kome med innspel [her](#).

Eike: Har ein sett på kva slike endringar vil ha å seie for synlegheita vår? Betyr slike endringar noko for søkerane?

UUI-sak 3/24: Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Handlingsplan for undervisning 2024

Undervisningskoordinator la fram eit utkast til handlingsplan for undervisning.

2 Arbeidslivsrelevans

Eike: Innspel til innføring av arbeidslivsrelevans: Dette må ein bruke tid på.

Gjert: Før ein kan gjere eit studiet meir arbeidsrelevant, må ein vite kva arbeidslivet etterspør. Ein måte å gjere dette på, kan vere å kontakte tidlegare studentar.

Torodd: Kunnskapsgrunnlaget vårt er for dårlig, men eg trur ikkje vi kan vente oss noko undersøking på dette.

Ulla: Teatervitskap hakar av på fleire av punkta i planen, men ein må finne ut kva ein eigentleg legg i "praksis". Dette har teatervitskap mellom anna diskutert med sin eksterne fagfelle.

Fredrik: Vi veit vel ikkje om tverrfaglegheit er noko som vil gjere studentane våre meir attraktive.

Torodd: Det er heilt rett at vi veit veldig lite om kva arbeidslivet vil ha. I arbeidsgruppa seier studentane at dei vil ha meir spesialisering, ikkje mindre.

Eike: I forlenging av det Gjert sa - veit vi kor lang tid det tek før studentane våre kjem ut i relevant jobb? Skal arbeidslivsrelevansen vere ein del av undervisninga?

Torodd: Dette kan ein sjå i samanheng med 3e i handlingsplanen. Det hadde vore kjekt om nokon (studieadministrasjonen) kunne bygd opp ein ressurs der ein kan hente relevant informasjon.

Eike: Kort merknad til 3e: Alumnusarbeid er viktig.

3 Dimensjonering og revisjon av studieporteføljen ved LLE

Gjert: Opptak annakvart år vil vere øydeleggande. Vi kjem til å miste studentane til andre program.

Eike: Problematisk at ein tidlegare har blitt presentert med gode tal når ein her blir framstilt som eit "problem". Norrøn filologi har fulle kurs, men få programstudentar.

Ulla: Einig med Gjert. Studentane kjem til å søke opptak andre stadar. Opptak annakvart år kjem heller ikkje til å løyse teatervitskap sitt problem. Fagmiljøet er opne for løysingar, men treng hjelp frå instituttleiinga.

Nora: Det kan bli problematisk å slå saman fag som ikkje er like nok. Studentane kan miste interessa.

Martin: Einig med Nora. Akkurat dette kan vi drøfte i IU.

Torodd: Studentane i arbeidsgruppa for studieporteføljeprosjektet kan kontaktast.

Helga: Auka gjennomføring og mindre undervisning harmonerer dårleg.

Torodd: Ref. det Ulla sa: ressursbehov er ikkje talfesta – dette er eitt av hovudproblema.

4 Bedre gjennomføring

Vi veit lite om korleis potensielle studentar orienterer seg.

Synnøve: Vi må reklamere for programma våre.

Nora: Det er viktig at ein når VGS-elevane. Mange veit ikkje kva program som finst.

Eike: Kompleks sak. Det internasjonale perspektivet manglar litt. Internasjonalisering er viktig for norrønt. Meir fokus på det?

Fredrik: Kontaktlærarordninga trur eg vil provosere mange.

Peter: Namn som ”se opp fra bøkene” er ikkje optimale.

Drøftingssak 2: Ressursbudsjett

Spørsmål til fagkoordinatorane: Er ressursrekneskapa nyttige nok til å forsvare arbeidet med dei? Fungerer dei i dimensjoneringa av undervisningsmengda? Finst det tankar om betre metodar som både kan (a) vere nyttige i undervisningsplanlegginga og (b) kan bidra til at få balanse mellom ressursar og ressursbruk?

Helga: Ideen om å planlegge to semester i strekk fungerer ikkje. Utkasta må vere veldig kvalitetssikra for at dei skal vere nyttige.

Fredrik: Dei er nyttige nok, men dei er i stor grad fiksjon.

Eike: For mange detaljar.

Ulla: Tek ikkje høgde for fordelinga over fleire år.

UUI-sak 5/24: Ymist

Ingen saker blei meldte.